

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

08.06.14

Søknad om utsett frist til å klage over vedtak gjort av PLT i sak 030/2014.

I brev frå Radøy kommune datert 22.05.2014, fekk eg melding om kva vedtak som vart gjort av PLT i to saker som eg har teke opp med kommunen:

Sak 029/2014 gjeld dispensasjon frå kommuneplanen for å få lov til å legge ut ei lita flytebrygge framfor eigedommen min gnr.22 bnr.1. Slik eg forstår meldinga som kom til meg, har hovudutvalet fatta vedtak om at eg skal få dispensasjon til å legge ut flytebrygga? Dette vedtaket må først på høyring til Fylkesmannen før det er gyldig? Eg ser det slik at eg ikkje treng klage på hovudutvalet si avgjerd i denne saka.

Eg forstår brevet slik at vedtaket vart sendt til fylkesmannen for handsaming samstundes som meldingsbrevet til meg vart sendt. Dette brevet fekk eg laurdag 24.05.2014. Frå denne datoен har eg tre veker klagefrist. Dette vert laurdag 14.juni 2014.

Dersom fylkesmannen fekk sitt brev mandag 26.mai, har han frå den datoen tre veker til å gje uttale om vedtaket? Dette skulle tilseie at fristen for å gje uttale går ut mandag 16.juni 2014.

Sak 030/2014 gjeld søknad om dispensasjon for å få bygge veg til naust. I denne saka vart svaret slik: «Det vert ikkje gjeve dispensasjon for forlenging av veg til naust.»

Dette vedtaket må eg klage på, og fristen for klage er slik det er synt over, laurdag 14.juni 2014.

Slik eg les saksutgreiinga til begge desse sakene, er dei heilt like. Eg trur difor det kan ha avgjerande verknad på korleis eg skal ordlegge meg i klagan knytt til spørsmålet om veg, at eg veit om fylkesmannen har godkjend vedtaket knytt til flytebrygga, eller om han ikkje har godkjend vedtaket. Dette trur eg sidan kommunen har nytta akkurat same argumentasjon for begge sakene.

Ut frå dette ber eg om å få utsett fristen med å sende klagan til etter at svaret frå fylkesmannen knytt til sak 029/2014, ligg føre. Eg ber om at kommunen tek avgjerd om dette og gjev meg melding snarast, slik at eg kan rekke å sende klage innan fristen dersom eg ikkje får utsetting.

Dersom eg får utsetting, ber eg om at eg snarast får melding når fylkesmannen har uttalt seg, og at eg frå det tidspunktet får tre veker til å sende klagan.

Med helsing

Helge Rikstad

Mobil 988 32 732